



# FITJAR

## **FORSKRIFT OM VASS- OG AVLØPSGEBYR I FITJAR KOMMUNE**

Vedteke i kommunestyret den 14 desember 2005 i medhald av lov om kommunale vass- og kloakkavgifter §3 og forskrift om begrensing av forurensing av 1 juni 2004, i kraft frå 1 juli 2004.

### **I. GENERELLE FØRESEGNER**

Abonmentane i kommunen betaler for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter og av lokale reglement, føresegner, regulativ og deklarasjonar. Dei viktigaste dokumenta er lista nedanfor:

1. Lov av 31. mai 1974 nr.17 om kommunale vass- og kloakkavgifter
2. Forskrift av 1. juni 2004 nr 931 om begrensing av forurensing, kapitel 11.
3. Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Fitjar kommune (dette dokumentet)
4. Gebyrregulativ for Fitjar kommune.

### **§1 FØREMÅLET MED FORSKRIFTA**

Forskrifta fastset utrekning og innbetaling av gebyr abonnentane skal betale for vass- og avløpstenestene kommunen leverer.

### **§ 2 VERKEOMRÅDET FOR FORSKRIFTA**

Forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjon i § 3. Forskrifta gjeld og tilkoplingar til kommunalt anlegg der gyldig abonnement ikkje er teikna.

### **§ 3 DEFINISJONAR**

Abonment:

Eigar/festar av eigeidom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer, eller eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), som er tilknytt kommunal vass- og eller avløpsleidning direkte, eller gjennom felles stikkleidning.

Det same gjeld festar av eigeidom der festeavtalen ikkje er registrert i grunnboka (tinglyst), men der festaren eig dei bygningane som er plassert på tomte, og bruker festerett slik det går fram av lov om tomtefeste. For festeavtalar med kort festetid (feste til anna enn bustad og fritidsbustad) kan det avtalast at ein annan enn festaren skal vera abonnent.

Eigar/festar av eigeidom, som kommunen i medhald av §§ 65, 66 og 92 i Plan og bygningslova har kravd tilknytt kommunal vass- og avløpsleidning.

Eit abonnement gjeld ein bestemt eigedom, og kan ikkje forsyna/tena fleire sjølvstendige bygningar enn det som er naturleg for vedkomande abonnementstype.

Det skal betalast separat avgift for leilegheit etter eigen definisjon og satsar i regulativet. Tilkopla bygningar og anlegg; garasjar, arbeidsbygningar, fritidsbygg,m.v. som ikkje er direkte og naturleg tilknytt bruken av vedkomande abonnement, skal reknast som egne abonnement.

Når det vert nytta vassmålar kan bustadhus, kårhus og driftsbygning(ar) på jordbruk likevel reknast som ein abonnent når dei er på eit felles bruksnummer.

**Leilegheit:**

Adskilt del av større bygning, min 30 m<sup>2</sup>, eigna for varig opphald, med eigen inngang/evt felles trappehus, eige bad, kokemoglegheit og toalett.

Utan eigen inngang(inngang gjennom hovudhusvære, terassedør o.l) reknast husværet som hybel, som er fritteke for avgift.

**Bruksareal (BRA):**

Som grunnlag for utrekning av avgifter etter dette regulativet skal nyttast areal etter eigedommen sin GAB-registring.

**Bruksendring:**

Med endring i bruken av eigedommen meiner ein her endring mellom ulike kategoriar, som for eksempel bustad, fritidsbustad/hytte og nærings-/offentleg verksemd.

**Eingongsgebyr for tilknytning:**

Eingongsgebyr for etablering av abonnement på vass- og/eller avløpstenester.

**Felles privat stikkledning:**

Privat ledning eigd i fellesskap av abonnentar som er tilknytt det kommunale leidningsnett via den felles private stikkledning.

**Forbruksgebyr:**

Den variable delen av årsgebyret som vert betalt etter forbruk (målt eller stipulert).

**Fritidsbustad/hytte:**

Fast eigedom med bygning(ar) regulert/godkjend til fritidsbustad/hytte.

**Gebyrregulativet:**

Gebyrregulativet er namnet på den gjeldande prisoversikta for vass- og avløpsgebyr i kommunen. Satsane i gebyrregulativet vert oppdatert årleg gjennom vedtak i kommunestyret.

**Næringsverksemd:**

Forretningsverksemd, industri mm.

**Offentleg verksemd:**

Verksemd driven av stat, fylkeskommune eller kommune.

**Stipulert forbruk:**

Stipulert forbruk er forventa forbruk hjå ein abonnent fastsett på basis av bruksarealet.

**Årsgebyr:**

Det samla gebyr som vert betalt årleg av abonnentar for å ha tilgang til vass- og/eller avløpstenestene i kommunen.

## **II. VASS- OG AVLØPSGEBYR**

### **§ 4 GEBYRTYPAR**

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vass- og avløpstenester:

- Eingongsgebyr for tilknytning
- Årsgebyr
- Gebyr for mellombels tilknytning

### **§ 5 EINGONGSGEBYR FOR TILKNYTING**

Lov om kommunale vass- og avløpstenester krev at det vert betalt eingongsgebyr for tilknytning til vass- og/eller avløpstenester.

Eingongsgebyret vert betalt for eigedom der det står bygg, eller ved førstegongsoppføring av bygg på eigedom, som vert tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsnett.

Storleiken på gebyret vert fastsett årleg av kommunestyret og går fram av Gebyrregulativet. Kommunen kan fastsetje avvikande eingongsgebyr for tilknytning dersom det vert ekstra høge kostnader ved etablering av tenesta.

Ansvarshavande for arbeidet er ansvarleg for å melda tilkopling til kommunen v/Kundetorget straks tilkopling er gjort.

### **§ 6 ÅRSGEBYR**

Årsgebyret for både vass- og avløpstenester skal betalast av alle abonnentar ,etter fylgjande mal:

eit fast beløp pr abonnent pr år, rekna etter type abonnent og storleik på eigedom. Etter forbruk, basert på målt volum, med eit fastsett minstegebyr. Både kommunen og abonnenten kan krevja at gebyret vert betalt etter forbruk, med minstesats.

Samla gebyr for kommunale vassstenester og avløpstenester skal dekkje dei forventa faste årsutgiftene knytt til desse tenestene i kommunen.

Årsgebyret skal reknast frå og med månaden etter at eigdommen er tilknytt kommunalt leidningsnett.

Storleiken på abonnementsgebyr og forbruksgebyr vert fastsett årleg av kommunestyret og går fram av Gebyrregulativet.

### **§ 7 VASSMÅLAR**

Reglar for installasjon og bruk av vassmålar vert fastsett av kommunen.

Målaren er abonnenten sin eigedom og sjølve målaren blir kosta av abonnenten. Kommunen vil setja krav til type, samt gje føringar for plassering og storleik av målaren, tilpassa forbruket.

Den avgiftspliktige skal halde målaren lett tilgjengeleg for avlesing og kontroll. Vert målaren borte eller skada, skal eigaren omgåande melde dette til kommunen v/ Kundetorget.

Installasjon av vassmålar skal utførast av installatør godkjent av kommunen. For installasjon og bruk av vassmålar gjeld elles dei tekniske reglane i kommunen til einkvar tid (lokale tekniske reglar).

Utgifter til installasjon eller eventuell flytting og vedlikehald av målaren skal betalast av abonnent.

Ved feil på målar, og eventuelle feilmålte mengder ikkje kan utreknast tilstrekkeleg nøyaktig, skal avgifta justerast for den perioden det er tvil om etter gjennomsnittet av den næraste avlesingsperioden før feilen har oppstått, og etter at den er utbetra.

Kommunen kan krevje årsavgifta fastsett etter stipulert forbruk heile året når målaren har vore ute av funksjon av tekniske grunnar.

Kostnader ved installasjon, vedlikehald, drift, avlesing m.m. skal betalast av abonnenten.

## **§ 8 AVVIK I ÅRSGBYRET**

Dersom avløpsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp baserast på målt eller stipulert/utrekna avløpsmengd (utslepp).

For næringsverksemd og offentleg verksemd der samansetjinga av avløpsvatnet skil seg ut frå vanleg hushaldningsavløp og verkar anten fordyrande eller innsparande på drift og vedlikehald av avløpsanlegget i kommunen, kan ein rekne ut eit påslag/frådrag i forbruksgebyret for avløp basert på dei forventa ekstrautgiftene/innsparingane.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløp gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

Det kan søkjast fritak for for utleigehusvære som blir ståande tome i 6 månader eller meir.

Det skal søkjast på eige skjema. Det kan ikkje søkjast med tilbakeverkende kraft. Dersom husværet blir teke i bruk i perioden fell fritaket vekk, og det vil bli kravd inn avgift for utleigehusværet med tilbakeverkende kraft til eventuelt nytt fritak blir innvilga. Fritaket gjeld berre utleigeleilegheiter i hus med fleire husvære. Hovudhusværet kan ikkje søkja fritak.

## **§ 9 MELLOMBELS TILKNYTING**

Med mellombels tilknyting meiner ein bygg/anlegg som har innlagt vatn, men der bygget/anlegget ikkje er i permanent bruk, og/eller berre skal brukast i ein avgrensa periode. Eit eksempel på slikt anlegg er anleggsbrakker.

Eigar/festar av eigedommen skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr med 25 % av eingongsgebyr for tilknyting, avrekning for forbruk i samsvar med den tida tilknytinga er operativ, samt alle kostnader ved tilknyting og fråkopling.

Mellombels tilknyting gjeld for opp til eitt år, med høve til å søkje om vidareføring. Elles gjeld Tekniske og administrative avgjerder i kommunen, jfr. I Generelle føresegner.

## **§ 10 TILLEGGSGEBYR FOR SYMJBASSENG.M.M.**

Eigedomar med symjebasseng o.l skal betala eit tilleggsgebyr for vatn og/eller avløp som tilsvarer:

20 % av vanleg avgift for bassengvolum inntil 25 m<sup>3</sup>

30 % av vanleg avgift for bassengvolum inntil 50 m<sup>3</sup>

40 % av vanleg avgift for bassengvolum over 50 m<sup>3</sup>

Basseng under 5 m<sup>3</sup> er fritekne for gebyr.

Føresegnene gjeld både fastmonterte og basseng som kan demonterast. Det blir ikkje tillate bruk av symjebasseng, fonteneanlegg o.l. utan bruk av pumpe for resirkulering.

## **§ 11 INNBETALING AV GEBYR**

Abonnten er ansvarleg for betaling av gebyra.

Kommunen sender faktura for eingongsgebyr for tilknytning til abonnten samstundes som igangsettingsløyve (byggeløyve) vert gitt eller når eksisterande bygg vert tilknytt kommunal leidning. Grunnlag for fakturering er den sats som gjeld når fakturaen blir sendt.

Abonntar kan betala avgift på førehand og betaler i tilfelle den sats som gjeld på betalingstidspunktet.

Gebyr for mellombels tilknytning og tilleggsgebyr vert fakturert særskilt.

Avlesing av målt vassforbruk vert gjort ein gong i året. Forbruksgebyret vert betalt à konto fordelt over fire terminar basert på forbruket for fjoråret. Avrekning skjer i hovudsak på 1. termin (faktura) året etter.

Dersom vassforbruket til ein målarabonnt har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre à konto beløpet. Abonnten skal varslast før slik endring finn stad.

Etter søknad kan kommunen gje fritak for årsgebyret når gebyrpliktig eigedom fysisk vert kopla frå kommunen sitt leidningsnett. Ved innvilga søknad om fritak opphøyrer abonntementet når melding om at anboringspunktet er plombert er motteke. Ny tilknytning av eigdommen krev ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknytning. Kostnader ved fråkopling og ny tilknytning skal dekkjast fullt ut av abonnten. Arbeidet skal utførast etter tilvising frå kommunen.

## **§ 12 GEBYR FOR URETT BRUK.**

Ved tilknytning til det/dei kommunale anlegga utan at gyldig abonntement er teikna, eller abonnten forsyner/tener andre bygg eller leilegheiter som skulle hatt eige abonntement, skal det betalast avgift for det/dei bygga/eigdommane som skulle hatt eige abonntement, som fylgjer:

For tilknytning: Normalt tilknytningsgebyr etter regulativet, pluss 100 %.

For forbruk: Årsavgift for dei tre siste åra, med avgrensing for tid vedkomande bygg ikkje har eksistert.

Dersom tilknytningsgebyr ikkje blir betalt skal innan ein månad etter påkrav, kan kommunen gjennomføra fråkopling på brukaren sin kostnad, seinast ein månad etter at skriftleg varsel om dette er sendt. Årsavgift etter 3. avsnitt skal uansett betalast.

## **III. AVSLUTTANDE FØRESEGNER**

### **§ 13 INNKREVJING AV GEBYR**

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigdommen etter "Lov om pant" § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

### **§ 14 VEDTAKSMAKT**

Vedtaket etter denne forskrifta vert fatta av Rådmannen eller den han gir fullmakt.

## **§ 15 KLAGE**

Avgjersle etter forskrifta som er enkeltvedtak følgjer kap. IV-VI i forvaltningslova, og kan påklagast. Klagen vert send til den instansen som har fatta vedtaket.

Vedtak om storleiken på gebyra er forskrift og vert vedteke av kommunestyret, jfr. kap. VII i Forvaltningslova.

## **§ 16 IVERKSETJING**

Forskrifta trer i kraft 01.01.2006.

Godkjent i Fitjar kommunestyre 14.12.2005 sak PS 054/05.